

Skulestart 2023

Selje skule

Vel møtt til
skulestart



Innhold

Helsing frå leiinga	3
Regelverk for trygt og godt skulemiljø.....	4
Ordensreglar – klassereglar	4
Digital kommunikasjon med heimen	5
Bestilling av melkeprodukt.....	5
Leksehjelp.....	5
Skuleruta	6
Timeoversikt.....	6
Skulehelsetenesta	7
Råd og utval.....	8
Sjumilssteget – snakke saman, vere saman	9
BTI – Betre tverrfagleg innsats.....	9
Trafikksikker skule	9
SFO	10
Særskilt for ungdomstrinnet	11
Kontaktinformasjon	11
Eigne notatar.....	12

Helsing frå leiinga

Det er med glede vi ønskjer alle elevar og føresette velkomne til eit nytt skuleår. Vi på Selje skule arbeider kvar dag for at alle elevane ved skulen skal trivast og tilhøyre fellesskapet. Vi legg vekt på ein variert skulekvardag der trivsel og tilpassa opplæring er sentrale satsingsområde. Lærarane ved skulen er positive til utvikling og arbeider tett saman for å finne gode løysingar. Lærarane har ansvar for å legge forholda best mogleg til rette for at både elevgrupper og einskildelevar har ein lærerik kvardag i samspel med andre. Det er svært viktig at føresette tek opp saker de lurar på. God dialog mellom heim og skule er heilt avgjerande for at skulen skal utvikle seg. Vi arbeider alle i lag for at elevane ved Selje skule skal ha god fagleg og sosial kompetanse. Ei positiv haldning til skulen er grunnlaget i dette arbeidet. Vi vil gjere vårt beste for at Selje skule er ein god stad å vere og ein god stad å lære, og håpar og trur på godt samarbeid i året som kjem.

Ellen Rundereim

Olaug Wold

Regelverk for trygt og godt skulemiljø

Ifølgje regelverk gjeldande frå 01.08.2017 har alle elevar rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande. Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen. Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla skulen si aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Statsforvaltaren

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Statsforvaltaren.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor

Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no. Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Statsforvaltaren.

Ordensreglar – klassereglar

Ordensreglane for Stad kommune er lik for alle skulane i kommunen, og er utgangspunkt for klassereglane som vert utarbeida med elevane i kvar klasse.

Ordensreglane finn du på Stad kommune si heimeside

[Selje skule - Hovedportal \(stad.kommune.no\)](http://stad.kommune.no)

Digital kommunikasjon med heimen

Heimeside

- Adresse: [Selje skule - Hovedportal \(stad.kommune.no\)](http://stad.kommune.no)
- Informasjon på denne sida vil vere av meir statisk karakter der ein vil finne all relevant informasjon om skulen.

Facebook

- Adresse: [Selje skule | Facebook](#)
- Skulen har ei offisiell facebookside der nyhende og «glimt frå skulekvardagen» blir publisert med jamne mellomrom.

Vigilo

- Digital kommunikasjon mellom heim og skule
- Les meir informasjon [her](#)

Læringsplattform

- Skulen brukar «Google suite for education» som er ein skybasert kontorpakke med innebygd læringsplattform.
- Elevane loggar på med Feidebrukar som dei får via skulen.

Fråvær

- Permisjon frå 1 til og med 3 dagar skal søkast om via Vigilo til kontaktlærar. Meir enn 3 dagar søkjer føresette om i skjema på heimesida til Stad kommune.
- For elevar i ungdomskulen, kan føresette søkje om fråtrekk av fråvær inntil 10 dagar ved søknad. Dette gjeld dokumentert (legeerklæring) fråvær som skuldast helsegrunnar etter tredje dag og innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11. Føresette må søkje om fråtrekk samtidig som de søkjer om permisjon.
- <https://stad.kommune.no/tenester/skule-oq-barnehage/skule-oq-opplaring/eleven-si-velferd/permisjon-fra-undervisning/>

Bestilling av melkeprodukt

De bestiller på www.skolelyst.no Det tek om lag ei veke frå bestilling til elevane får bestilte produkt.

Leksehjelp

Ved Selje skule vert det gjeve tilbod om leksehjelp for elevar i 5.- 7. klasse. Skulen sender ut påmeldingsskjema i Vigilo ved skulestart.

Skuleruta

SKULERUTE FOR SELJE SKULE 2023 – 2024

August	Skulestart	Måndag 21.
September		
	Haustferie	
Oktober	Veke 41	9. - 13. oktober
November	Elevfri dag	3. november
	Siste skuledag før jul	21. desember
Desember	Jule- og nyttårsferie	22. desember- 2. januar
Januar	Skulestart onsdag 03.01	
	Vinterferie	
Februar	Veke 8	19. – 23. februar
Mars	Siste skuledag før påske.	22. mars
April	Første skuledag etter påske	2. april
Mai	Elevfri dag	10. mai
Juni	Siste skuledag	Fredag 21. juni

Elevane i 1.-4.klasse går på skule mandag, tysdag, torsdag og fredag frå klokka 08:25-14:10

Elevane i 5.-7.klasse går på skule mandag-torsdag frå klokka 08:25-14:10. Fredagane går dei på skule frå klokka 08:25-11:05. *For å få timetallet i løpet av året til å stemme, må 5.-7.klasse gå på skule til 14:10 seks fredagar i løpet av året.*

Følgjande fredagar går dei på skule til klokka 14:10:

- 8. sept, 15. sept og 22. sept 2023 (veke 36, 37, 38)
- 2. feb, 9. feb og 16. feb 2024 (veke 5, 6, 7)

Elevane i 8.-10. klasse går på skule mandag - fredag frå klokka 08:25-14:10. *For å få timetallet i løpet av året til å stemme, må 8.-10.klasse slutte klokka 11:05 seks fredagar i løpet av året.*

Følgjande fredagar sluttar dei klokka 11:05:

- 8. sept, 15. sept og 22. sept 2023 (veke 36, 37, 38)
- 2. feb, 9. feb og 16. feb 2024 (veke 5, 6, 7)

Timeoversikt

	Klokkeslett
Skulen opnar	08:15
1.time	08:25-09:35
Friminutt	09:35-09:50
2.time	09:50-11:00
Matpause	11:00-11:35
3.time	11:35-12:45
Friminutt	12:45-13:00
4.time	13:00-14:10

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta har som mål å vere lett tilgjengeleg for elevane. Dei kan ta kontakt med helsesjukepleiar med sine små og store spørsmål. Det er viktig med god dialog mellom foreldre, tilsette på skulen og helsesjukepleiar. Vi skal jobbe tverrfagleg både med skulen og andre instansar for å fremje helse og trivsel for elevane.

Oppgåver i skulehelsetenesta:

- Samtale med enkeltelevar og grupper
- Delta på samarbeidsmøte kring enkeltelevar
- Undervisning
 - Aktuelle tema kan vere psykisk helse, søvn, kosthald, fysisk aktivitet, pubertet, kropp og seksuell helse, tobakk, alkohol og andre rusmidlar, vald og overgrep
- Foreldrerettleiing
 - Fleire helsesjukepleiarar har kompetanse på COS-P og ICDP foreldrerettleiingsprogram
- Fråfall/fråvær/ mobbing/mistrivsel - skulen kan gjerne involvere helsesjukepleiar

Skulehelsetenesta skal ha fokus på barn og unge si fysiske, psykiske og sosiale helse. Helsesjukepleiar ønskjer å kome i kontakt med elevar som har utfordringar i livet og treng nokon å prate med. Det er viktig å kome inn tidleg for å bevare helse og trivsel. Dersom det oppstår noko som har innverknad på helsa og trivselen til eleven, oppmodar vi elev, foreldre og lærar om å ta kontakt. Skulen kan ta kontakt dersom det er ønskeleg med gruppe, samtaler eller undervisning om helsetema.

Vi håpar på eit godt samarbeid. Ta gjerne kontakt om det er noko de lurar på. Helsesjukepleiar Beate Myklebust er på Selje skule måndagar.

Psykiatrisk sjukepleier Mona Austring er på Selje skule etter lunsj måndagar.

Kontaktinformasjon:

Beate: beate.myklebust@stad.kommune.no

Mona: mona.austring@stad.kommune.no

Råd og utval

Etter opplæringslova §11 skal skulen ha desse utvala:

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU):

Alle foreldre som har barn i skulen er medlemmer av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. FAU skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Aktuelle arbeidsoppgåver for FAU:

- Lytte til saker som er viktige for foreldra
- Informere foreldra om aktuelle saker
- Samarbeide med rektor, lærarar og elevråd
- Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane og foreldra

På Selje skule vel vi to klassekontaktar i kvar klasse. Klassekontakt 1 er medlem i FAU, og klassekontakt 2 er vara.

Samarbeidsutval (SU) og skulemiljøutval (SMU):

Representantar for foreldre, elevar og tilsette.

Elevråd:

I elevrådet sit elevrepresentantar frå 5.-10. kl. Dei andre klassene sender innspel til møta, og får referat som vert behandla i klasseråd. Ein lærar er elevrådskontakt.



Sjumilssteget – snakke saman, vere saman

Dette foreldrerettleiingsprosjektet vert tema på foreldremøta på alle trinn. Det vert arbeid med faste tema på kvart trinn gjennom dialogark.

Dialogark

I barneskulen er tema i dialogarka: Skulestart, leselyst, fysisk helse og kosthald, nettvett, søvn, å tole kjensler og forstå seg sjølv og andre. I ungdomsskulen er gode val, å vere god nok og godt oppvekstmiljø tema på dialogarka.



BTI – Betre tverrfagleg innsats

BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad. Modellen gir ei oversikt over handlingsforløpet, og kan bidra til å rette opp svikt i samhandlinga. De kan lese meir om modellen [her](#).

Trafikksikker skule

Selje skule er trafikksikker skule. Dette inneberer at skulen har rutinar for elevar, tilsette og føresette som skal førebygge uønska hendingar knytt til trafikk.

SFO

På SFO ved Selje skule skal trivsel stå i fokus. Det er det viktig at elevane får gjere noko av det dei har lyst til og som dei trivast med. Vi legg opp til at elevar skal få leike saman i mindre grupper, og har difor innreia avdelinga slik at det går an å trekkje seg tilbake og få ro til leiken.

På SFO skal elevane få høve til å utvikle sine sterke sider gjennom tilrettelagte aktivitetar. Vi legg fokus på at borna skal utvikle kreativitet gjennom formingsaktivitetar, musikk, dans og drama.

Stort sett nyttar SFO leikeplassen på skuleområdet. Der er sandkasse, uteleikar, reiestativ, vippe og klatrestativ. I tillegg har vi bord med sittebenkar som vert nytta til måltid og aktivitetar. Borna får høve til å utfalde seg og vere i aktivitet. Også skulen sin ballbinge og gymsal vert nytta. Turar i nærområdet er høgt prioritert.

Måltida på SFO skal vere ein arena for sosial læring, i tillegg til at det vert fokusert på god bordskikk. Elevane har sjølve med seg mat. Når det ligg til rette for det, lagar vi mat på SFO. Då er borna med å lage mat, dekke bord og rydde opp.

Føresette med born på SFO får eige informasjonsskriv frå SFO ved skulestart.



Særskilt for ungdomstrinnet

Karakterar og vurdering i fag

- Elevane vert vurdert etter kompetansemål for trinnet. Årsplanar i dei ulike faga seier noko om vurderingsform. Karacterskalaen går frå den lågast karakteren 1, til 6 som er høgast.

Orden og åtferd

- Brot på ordensreglementet fører til merknadar. Ved gjentakande brot, kan karakterane i orden og/eller åtferd vert sett ned etter varsel.

Søknad om tilrettelegging under eksamen

- Elevar kan, etter søknad frå føresette, få tilrettelagt eksamen. Rektor avgjer kva tiltak som vert innvilga for den einskilde elev.

Kontaktinformasjon

Selje skule administrasjon: 578 58 600/977 72 592

Selje skule SFO: 977 83 581

Rektor Ellen Rundereim: ellen.rundereim@stad.kommune.no Tlf: 91 71 81 53

Assisterande rektor Olaug Wold: olaug.wold@stad.kommune.no Tlf: 905 43 439

Rådgjevar Trond Sætren: trond.setren@stad.kommune.no Tlf: 412 87 207

Eigne notatar

